

VEDTEKTER FOR VALDRES SPAREBANK
(vedtatt 24. april 2017, godkjent av Finanstilsynet 20. juni 2017)

KAP 1. FØRETAKSNAMN. FØRETAKSKONTOR. FØREMÅL.

§ 1-1 Føretaksnavn og føretakskontor

Vestre Slidre Sparebank er grunnlagt i 1860; Vang Sparebank er grunnlagt 1889. Dei to bankane slo seg saman ved inngåing av avtale av 16. mars 2017.

Sparebankane sitt føretaksnavn er Valdres Sparebank. Sparebanken skal ha si føretaksadresse i Vestre Slidre kommune.

§ 1-2 Føremål

Sparebanken har til føremål å fremje sparing ved å ta imot innskott får ein ubestemt krins av innskyttarar, og på ein trygg måte forvalte midlane han rår over i samsvar med dei lover som gjeld for sparebankar. Sparebanken kan utføre alle vanlege bankforretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at sparebankar kan utføre, i samhøve med gjeldande lover og gjevne konsesjonar.

KAP 2. EIGENKAPITALEN TIL SPAREBANKEN

§ 2-1 Grunnfondet

Vestre Slidre Sparebank sitt opphavlege grunnfond på 1350 kr vart gjeve av Vestre Slidre Kommune og er ikkje nøydd til å verta tilbakebetalt. Vang Sparebank sitt grunnfond er kr 2.000,-. Dette var gjeve av Vang Bygdemagasin med kr 1.300,- og av Vang kommune med kr 700,-. Ingen av grunnfonda er nøydd til å verte tilbakebetalt.

Skipparar eller andre har ikkje rett til utbytte av verksemda.

§ 2-2 Eigardelskapital

Sparebanken har ikkje utstedt omsetjelege eigenkapitalbevis.

KAP 3. GENERALFORSAMLING

§ 3-1 Generalforsamling

Generalforsamlinga er den øvste avgjerdsmakta i Sparebanken. Forstandarskapet til Sparebanken skal sjå til at banken verkar etter sitt føremål og i samsvar med lov, vedtekter og vedtak i Generalforsamlinga.

For perioda fram til val i forlenginga av gjennomført samanslåing skal følgjande gjelde:

Generalforsamlinga skal ha 24 medlemmar og 14 varamedlemmar med følgjande fordeling:

13 medlemmar og 6 varamedlemmar vert valde av og blant Sparebanken sine kundar.
8 medlemmar og 6 varamedlemmar vert valde av det offentlege, korav 4 medlemmar og 4 varamedlemmar frå Vang kommune og 4 medlemmar og 2 varamedlemmar frå Vestre Slidre kommune.

3 medlemmar og 2 varamedlemmar vert valde av og blant dei tilsette.

For perioda frå og med val etter gjennomført samanslåing skal følgjande gjelde:

Generalforsamlinga skal ha 16 medlemmar med 8 varamedlemmar med følgjande fordeling:

8 medlemmar og 4 varamedlemmar vert valde av og blant kundane til Sparebanken.
4 medlemmar og 2 varamedlemmar vert valde av det offentlige, fordelt på 2 medlemmar og 1 varamedlem frå høvesvis Vang kommune og Vestre Slidre kommune.
4 medlemmar og 2 varamedlemmar vert valde av og blant dei tilsette.

Medlemmane og varamedlemmane av Generalforsamlinga møter personleg. Det er ikkje høve til å møte ved fullmaktshavar eller med rådgjevar.

§ 3-2 Val til Generalforsamlinga

Myndige personar kan veljast som medlemmar av forstandarskap.

Medlemmar og varamedlemmar til Generalforsamlinga vert valde for 4 år.

Generalforsamlinga kan fastsetja nærmare instruks om vala.

§ 3-3 Medlemmar til Generalforsamlinga valde av kundane

Dei myndige kundane i Sparebanken har røysterett når det skal veljast medlemmar til Generalforsamlinga i Sparebanken blant kundane. Kvart kundeforhold gjev éi røyst når ikkje anna fylgjer av lova eller vedtektene.

Kundar i Sparebanken kan veljast som medlem eller varamedlem til Generalforsamlinga i Sparebanken som representantar for kundane.

Ved val i den samanslegne Sparebank for fyrste gong, skal dei prinsipp som gjeld for fyrste gongs val av medlem og varamedlemmar til Generalforsamlinga gjelde. Ved val blant Sparebankens kundar skal geografisk spreining søkjast teken omsyn til.

§ 3-4 Medlemmar til Generalforsamlinga valde frå det offentlege

Medlemmar og varamedlemmar til Generalforsamlinga valde av det offentlege skal veljast av kommunestyrane i Vestre Slidre kommune og Vang kommune.

§ 3-5 Medlemmar til Generalforsamlinga valde av dei tilsette

Dei tilsette i Sparebanken har røysterett når det skal veljast medlemmar blant dei tilsette til Generalforsamlinga i Sparebanken.

Dei tilsette i Sparebanken kan veljast som medlem eller varamedlem til Generalforsamlinga i Sparebanken som representantar for dei tilsette.

§ 3-6 Innkalling til møte i Generalforsamlinga

Ordinær Generalforsamling skal haldast seinast i mars månad kvart år, styret sender innkalling.

Når dokument om saker som skal takast opp på Generalforsamlinga er tilgjengeleggjorde for medlemmane på nettsidene til Sparebanken, gjeld ikkje lovkravet om at dokumenta skal sendast til medlemmane. Det same gjeld dokument som etter lova skal vera del av eller leggjast ved innkallinga til Generalforsamlinga. Eit medlem av Generalforsamlinga kan likevel krevja å få tilsendt dokument om saker som skal takast opp på Generalforsamlinga.

Medlemmar som ikkje kan møte på Generalforsamlinga, skal melde dette til Sparebanken så snart råd er og seinast fem dagar før møtet. Varamedlemmar skal kallast inn dersom ordinære medlemmar melder forfall.

§ 3-7 Møte og vedtak i Generalforsamlinga

Kvart medlem av Generalforsamlinga har éi røyst.

Avgjerder i Generalforsamlinga vert gjorde med fleirtal av dei gjevne røystene, om ikkje anna går fram av desse vedtektene. Står røystene likt, gjeld det som møtleiaren røystar for.

§ 3-8 Oppgåvene til Generalforsamlinga

På den ordinære Generalforsamlinga skal desse sakene handsamast og avgjerast:

- Val av Generalforsamlinga sin leiar og nestleiar for 4 år;
- Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga, under dette disponering av overskot;
- Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under Generalforsamlinga.

Vedtak om eller fullmakt til å ta opp ansvarleg lån eller annan framandkapital vert gjort av Generalforsamlinga med fleirtal som for vedtektsendring.

KAP 4. STYRET OG DAGLEG LEIING

§ 4-1 Samansetjinga av styret og oppgåvene

Styret har frå 5 til 6 medlemmar med frå 3 til 4 varamedlemmar, som vert valde av Generalforsamlinga.

Ved val til styret skal både geografisk spreiding og representasjon frå både kjønn takas omsyn til.

I tillegg kan dei tilsette krevja representasjon i styret etter lova.

Styreleiar og nestleiar vert valde ved særskilt val for 1 år.

Medlemmane og varamedlemmane til styret vert valde for 2 år.

Oppgåvene til styret følgjer av lov og forskrifter.

Det samla styret kan fungere som risiko- og revisjonsutvalet til Sparebanken.

§ 4-2 Dagleg leiar

Sparebanken skal ha ein dagleg leiar. Den daglege leiaren vert tilsett av styret.

Oppgåvene til den daglege leiaren følgjer av lov og forskrifter.

KAP. 5 VALNEMND

§ 5-1 Samansetjinga og arbeidet i valnemnda

Generalforsamlinga vel ei valnemnd på 3 medlemmar og 3 varamedlemmar av medlemmane i Generalforsamlinga. Valnemnda skal ha representantar frå alle tre gruppene som er representerte i Generalforsamlinga. Valnemnda sin leiar vert vald av Generalforsamlinga. Ved

val skal geografisk spreing i høve til banken sitt føretaksområde takast omsyn til. Valet gjeld for to år om gongen.

Valnemnda skal førebu val til Generalforsamlinga, styret og valnemnd. Valnemnda sitt vedtak skal grunngjevast.

Generalforsamlinga fastset nærmare instruks om valnemnda.

KAP. 6 TENESTETID

§ 6-1 Tenestetid tillitsvalte

Eit vald medlem av eller leiar for Generalforsamlinga eller styret kan ikkje ha tillitsvervet i eit samanhengande tidsrom lenger enn 12 år, eller ha desse tillitsverv i eit lengre samla tidsrom enn 20 år. Ein person kan ikkje veljast eller attveljast til eit av desse verva dersom han på grunn av føresegnene i dette punktet ikkje kan sitje valperioda ut.

KAP. 7 BRUK AV OVERSKOT OG INNDEKKING AV UNDERSKOT

§ 7-1 Bruk av overskot

Overskotet av verksemda til banken etter frådrag av utbyte og utdeling av gåver, skal leggjast til bankens fond.

Overskotsmidlar kan disponerast som utbytemidlar.

Utbyte kan nyttast til utbyte på innskot til grunnfond, gåver til allmennyttige formål, eit fond for slike gåver eller til gåve til stifting(ar) med allmennyttige formål.

Gåver søkjast fordelt med 46,2 % innanfor Vang kommune, og med 53,8 % innanfor Vestre Slidre kommune. Dette skal ikkje vere til hinder for tildeling av gåver til allmennyttige formål i kringliggjande områder der banken utøver føretaksverksemd.

§ 7-2 Inndekning av underskot

Underskot etter resultatrekneskapen for siste rekneskapsår skal ein fyrst freista å dekke med samhøveleg overføring frå grunnfondskapitalen, irekna gåvefondet.

KAP 8. VEDTEKTSENDRINGAR

§ 8-1 Vedtektsendringar

Endring av desse vedtektene kan vedtakast av Generalforsamlinga. Avgjerd om å endre vedtektene i Sparebanken krev stønad frå minst to tredelar av dei gjevne røystene.

KAP 9. AVVIKLING

§ 9-1 Avgjerd om avvikling av Sparebanken

Generalforsamlinga tek stilling til styret sitt forslag om avvikling av Sparebanken. Vedtak om avvikling skal gjerast med same fleirtal som for vedtektsendringar.

§ 9-2 Disponering av kapitalen til Sparebanken ved avvikling

Når Sparebanken vert avvikla, eller dersom Sparebanken vert fusjonert, skal dei overskytande midlane til Sparebanken etter at alle skyldnader er dekte, overførast til sparebankstiftingar. Dei overskytande midlane vert fordelt med 46,2 % til sparebankstifting innan Vang kommune og med 53,8 % til sparebankstifting innan Vestre Slidre kommune. Vedtak om fordeling vert avgjort av Generalforsamlinga etter innstilling frå medlemmar i Generalforsamlinga, som er valbare frå disse kommunane.